



Statens vegvesen

Stamnettutgreiinga - innspel om ferjesambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik

Vi viser til stamnettutgreiinga av 7. april 2011. Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal og Vik. Rådet har følgjande innspel til stamnettutgreiinga:

Ferjstrekningane Hella-Vangsnes har 23 avgangar dagleg mellom kl 0620-0010 og dårlegare frekvens enn andre riksvegsamband. Det er lagt opp til felles ressursar for trekanten mot Dragsvik som har status fylkesvegsamband. I NTP 2010-2019 heiter det at både frekvens og opningstid kan bli auka for dei fleste samband i planperioden, og at samband med mindre trafikk får 36 avgangar. Stamnettutgreiinga tilrår ikkje å auka tal avgangar etter ny standard for sambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik, og viser til at det kan gjerast eigne vurderingar for samband med lågt trafikkvolum.

Ferjesambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik er eit av få riksvegsamband som ikkje har halvtimesavgangar og nattferjer. Sogn regionråd meiner ”stive” avgangar og nattferjer er viktig for næringslivet og for innbyggjarane i ein felles bu- og arbeidsmarknad. Rådet ønskjer auka frekvens og nattferjer som er tilpassa næringslivet og pendlarane sine behov.

Samferdselsdepartementet legg opp til at auka frekvens og opningstid får ei gradvis innfasing i takt med nye utlysingar av anbod. Vi ber om å få møta Statens vegvesen i god tid før anbodet av ferjesambandet skal lysast ut. I møtet vil vi utdjupa og synleggjera behovet for auka frekvens og nattferjer på sambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik.

Frå Sogn regionråd vil samferdslegruppa delta i møtet. Samferdslegruppa består av ordførarane Jarle Aarvoll, Sogndal kommune, Olav Lunden, Leikanger kommune og Marta Finden Halset, Vik kommune.

Vi vonar på positivt svar.

Med helsing

Torodd Urnes
leiar Sogn regionråd
(sign)

Jarle Aarvoll
leiar samferdslegruppa
(sign)